

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
004/17	Kommuneplanutvalet	06.06.2017
064/17	Utval for tekniske saker og næring	30.05.2017

Saksbehandlar: Rolf Einar Ree
Sak - journalpost: 17/989 - 17/16173

Kommunedelplan for Varhaug sentrum - Utkast til planprogram

Rådmannen si innstilling:

Utkast til planprogram til kommunedelplan for Varhaug sentrum blir i medhald av plan- og bygningslova § 11-13 sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn.

30.05.2017 Utval for tekniske saker og næring

Rådmannen si innstilling blei samrøystes vedteke (9/0).

UTN- 064/17 Vedtak:

Utkast til planprogram til kommunedelplan for Varhaug sentrum blir i medhald av plan- og bygningslova § 11-13 sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn.

06.06.2017 Kommuneplanutvalet

Utval for tekniske saker og næring si tilråding blei samrøystes vedtatt.

KPU- 004/17 Vedtak:

Utkast til planprogram til kommunedelplan for Varhaug sentrum blir i medhald av

plan- og bygningslova § 11-13 sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn.

Bakgrunn for saka:

I dokumentet *Planstrategi 2016 – 2019* godkjent av kommunestyret 15.09.2016 er kommunedelplan for Varhaug sentrum prioritert for utarbeiding i perioden fram til 2019. I føreliggjande sak blir det lagt fram til behandling eit utkast til planprogram for dette kommunedelplanarbeidet.

Saksopplysningar:

Etter plan- og bygningslova § 11-13 skal det utarbeidast eit planprogram for kommunedelplanar:

For kommuneplan skal det utarbeides planprogram etter reglene i § 4-1. Forslag til planprogram skal sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn samtidig med varsel om oppstart og kunngjøring av planarbeidet og gjøres tilgjengelig gjennom elektroniske medier. Fristen for å gi uttalelse skal være minst seks uker.

Rådmannen har med dette som bakgrunn utarbeida eit utkast til planprogram for ein ny sentrumsplan for Varhaug sentrum.

Vurdering:

Utarbeiding av sentrumsplanar for tettstadane i Hå utgjer både samla og enkeltvis eit stort og omfattande planarbeid. Regelverket i plan- og bygningslova føreskriv omfattande planprosessar for at planen skal kunna gis rettsverknad og verta styrande for den framtidige utviklinga i sentrumsområda. I tillegg er det viktig å få forretningsdrivande, innbyggjarar og andre brukarar av sentrum aktivt med i prosessen både for å hausta av den erfaringa og kunnskapen dei har frå området. Men også fordi slik medverknad er viktig for at brukarane av sentrum skal få eit aktivt brukarforhold til planen og legge den til grunn for framtidig utvikling og bruk av sentrum.

Parallelt med framlegginga av planprogrammet for Varhaug, pågår arbeidet med ein ny sentrumsplan for Nærbø. I dette arbeidet er medverkinga organisert etter den såkalla «Gjestbodsmodellen». Dette har resultert i mange deltakarar, men også i ein svært arbeidskrevjande planprosess. I planprogrammet er det lagt opp til at ein i planarbeidet for Varhaug bør nytta prinsippa i gjestbodsmodellen. Ein bør likevel forsøker å forenkle opplegget noko slik at arbeidet blir mindre tids- og ressurskrevjande enn det som nå blir gjennomført på Nærbø. Rådmannen vil kome tilbake med ei eiga sak om gjennomføringa av planprosessen for Varhaug i samband med oppstartinga av sjølv utgreiingsarbeidet etter at planprogrammet er godkjent.

I planprogrammet er det skissert at planarbeidet vil strekke seg over ca. to år. Hausten 2017 vil gå med til høyring og sluttbehandling av planprogrammet. Heile 2018 og første halvår i 2019 vil gå med til utgreiingsarbeid, medverknadsprosessar og utarbeiding av endeleg planforslag, mens hausten 2019 og våren 2020 vil gå med til sluttbehandlinga av den endelege sentrumsplanen. Jf. pkt. 7.3 i planprogrammet.

For gjennomgang av føresetnadar, utgreiingsbehov og planprosess elles, vert det vist til sjølv planprogrammet.

Vedlegg:

Utkast til planprogram